

Kyrkjelydsblad  
for  
Arna

NR. 3

APRIL 1996

29. ÅRG.



Foto: Jon Tesdal

***Konfirmasjon i Arna Kyrkje i 1995***

## Han kallar deg på namn

Det er ein stor flokk av konfirman-antar i Arna denne våren og. Konfirmasjonsdagen står for døra, og vi gler oss til fine konfirmasjonshelger både som konfirman-ter, foreldre og kyrkjelydar.

Konfirmantane har det til felles at dei er konfirmanter, men elles er dei svært forskjellige. Nokre er store, andr er små, gutar og jenter, kledde i festklede og konfirmantkapper. Kvar og ein av dykk har dykkar eige namn. Det gjer deg til deg. Du er den eine-ståande, seier namnet. Det er ein einaste av nett ditt slag. Den som kjenner deg ser med ein gong at du er du, sjølv om du er kledd i kappe som alle dei andre. Aller best kjenner du det sjølv. Eg er eg.

Vi har høyrte i påsken at Jesus kom til læresveinane då dei var samla. Han sto midt mellom dei. Det var utruleg. Det som tydelegvis gjorde så sterkt inntrykk på dei var ikkje berre det at han sto der levande, men at han den oppstadne hadde sans for, og ville veta av den einskilde. Særleg dei som kjende seg utanfor. Dei som hadde svikta.

«Maria» sa Jesus. Ho sto og gret. «Simon» sa han til Peter som hadde forneakta. Han forneakta ikke Peter. «Kom hit, Thomas», sa han til Thomas som ikkje ville tru. «Saul, Saul», ropa han til Saul på veg til Damaskus, då han rasa mot dei kristne og mot den oppstadne. Han kalla dei på namn.

Slik er Jesus framleis. Han kallar oss på namn. Det tyder: Han avviser ikkje, han veit om, han kjenner seg

ikkje for stor eller for god til å ha med nokon å gjera. Du er min. Slik stadfester, bekreftar og aksepterer han at du er du, og han er glad for det.

Slik skjedde det då du vart døypt. Då lydte namnet ditt. Han tok det i sin munn. Hjå han er du kjent til det innerste og tvers gjennom. Likevel held han fast på namnet ditt. Det som andre så lett gløymer.

På konfirmasjonsdagen lyder namnet ditt ved knefallet. Der dreier det seg akkurat om deg, og heile deg, slik som du er midt i ungdomstida di, med alt det du kjenner på hjå deg av tvil, tru, lengsler og skuffingar, vøner og stengsler, einsemd, opprør, gleder og skam. Han vil vita av deg. Han ber for deg. Hjå han kan du kjenna deg heilt trygg.

Det er sant kvar dag i livet. Om dåpsdagen og konfirmasjonsdagen er langt bak. Om livet går opp eller ned. Hans ja til deg står han ved. Dette er den innerste kjerne i gleda på dåpsdagen, konfirmasjonsdagen og gjennom alle dagar. Så kan vi seia vårt ja til han, på konfirmasjonsdagen, og sidan gjennom alle dagar. Ikkje på grunnlag av at vi kjenner oss så store og vellukka. Berre på grunnlag av at han kallar oss på namn og held oss verdige til å vera saman med seg.

Vi ynskjer konfirmanter og pårørande ein signa god konfirmasjonsdag.

**Kjell Nese**



## Misjons- teigen

**Eg vil gjerne lukke mahouane inn i mitt liv på ein slik måte at dei kjenner at dei vedkjem meg, seier Bergfrid Almelid, som for tida er språkstudent i Paris.**

Det er rart å tenkje på; om 7-8 månader er eg truleg på plass i Elfenbeinkysten, eit lite land i Vestfrika med eit flateareal om lag på storleik med Norge. Då startar mitt fyrste møte med menneske og kulturen i mahou-stammen, ei av dei vel 60 folkegruppene som lever side om side i dette landet.

Mahou-folket, som tel vel 80-90.000 medlemar, erklærer seg hovudsakleg til islam, ein religion dei stifta kjennskap med gjennom handelsreisande frå Nord-Afrika, samt gjennom politiske strukturar og maktspel.

Den islamske trua hjå mahouen kjem fyrst og fremst til uttrykk gjennom dei daglege rituelle bønene, samt fastemå-naden ramadan. Pilgrimsreise til Mekka, er av økonomiske årsaker, ikkje forunt ein kvar.

Om ein samanliknar praktiseringa av religionen med tilsvarende i strengt muslimske kulturar i t.d. Midt-Austen, inn ein store skilnader. Framleis pregar animismen (natur- og andetru) synet på tilværet, dels ved at før-islamske tradisjonar og forestillingar lever i beste velgåande parallelt med dei muslimske; dels ved at muslimske omgrep og remedier er omforma og fylt med eit innhald i pakt med animistisk tanke-gods. T.d. kan skriftavsnitt frå Koranen, oppskrive på ei tavle, tene til å sikre helse og vern mot fiendar ved at ein etter vask av tavla, drikk krittvasblan-

## Heidningane er medarvingar



**Bergfrid Almelid, som skal til Elfenbeinskysten som misjonær for Norsk Luthersk Misjonssamband.**

dinga, ei praktisering med tydelege animistiske røtter.

Også tradisjonell vest-afrikansk kultur har sett sitt stempel på uttrykksfor-mene i religionen. Det er t.d. ikkje vanleg at kvinner ber slør, slik det er påkrevd i andre islamske samanhengar. Nærare kjennskap til mahou-folket, deira syn på tilværet, deira religiøse og kulturelle uttrykksformer får eg nok, når eg om ikkje lenge buset meg mellom mahouane, samt ei lita gruppe norske, (sistnemnte) sendt hit av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Kva gjev meg frimod til å reise som utsending og representant for Kristi lekam, Guds folk til ein annan kultur på ei anna breddegrad?

Paulus, vel og merke apostelen, hadde ei drivkraft som har relevans også for mitt engasjement. Han fekk innsikt i ein eldgamal løyndom, ein plan som frå evig tid hadde vore hjå Gud; menneske i farne ætter fekk faktisk ikkje vite om denne løyndomen.

**Forts. side 4**

## Forts. fra side 3 MISJONSTEIGEN

«Heidningane er medarvingar», skriv Paulus, «dei høyrer med til same lekamen og har del i løftene i Kristus og ved evangeliet». Denne sanninga gav Paulus ei livsoppgåve: å føra Guds frelsesplan fram i ljuset, gjere han kjent for folkeslaga; forkynna bodskapen om Kristi ufattelege rikdom.

I dag er det kyrkja som forvaltar løyn- domen Paulus fekk del i; framleis lever ein stor del av verda uvitande om Gud, som er rik nok for alle som kallar på han.

Men i fylgje Jesus, har alle folkeslag rett til å få del i rikdommen: «Evangeliet om riket, (der også heidningane er medarvingar), skal forkynnast i heile verda til vitnemål for alle folkeslag, og då skal enden koma».

For meg er det innlysande at mahou-

ane, som eit av mange folkeslag, også har rett til å verta innlemma i ei sanning som i utgangspunktet også gjeld dei.

Korleis dette kan gjerast kjent, finst det nok mange meiningar om. For min del har eg eit ynskje. Eg vil gjerne lukke mahouane inn i mitt liv på ein slik måte at dei kjenner at dei vedkjem meg. Likeeins ynskjer eg å gje meg i deira vold, slik at dei også kan ha meg i si verd. Som representantar for Kristi kyrkje, anten vi er i Norge, eller andre stader, skulle vi vere til stades i menneske sine liv på ein slik måte at vitnemålet om riket, verkeleg vert tilgjengeleg for kvar den som vil.

Som einskildkristne og som kyrkje har vi eit kall til ikkje å sette lyset under ei skjeppe; til ikkje å skjule frelsesgodene som fylgjer med Guds rike. Det finst altfor mange svoltne kring oss.

**Helsing Bergfrid Almelid**

## Kyrkjegardane i Arna Vedlikehald av gravstaden

Det er blitt vår i år og om den er litt treg av seg i midten av april. Vi har hatt ein heller hard vinter med mykje teie i jorda. Så er tida der til å tenkje på stell av gravstadene. Det første som må gjerast om våren er å sjå etter korleis gravsteinen står. Diverre er dette så som så med, særleg på dei gamle kyrkjegardane ved Arna kyrkje og Takvam kapell. Mange av gravsteinane er heilt ute av lodd og må rettast opp. Dette er sjølv- sagt av estetiske grunnar. Det er stygt å sjå skakke og skeive gravsteinar. Det skjemma ut for heilskapen. Ustabile steinar er dess- utan ein risikofaktor. Den kan velte over nokon. Eigentleg skal gravsteinen boltast til sokkelen. Om skeive steinar ikkje vert retta opp hender det at ansvarlege på kyrkjegarden rett og slett må leggja steinen ned. Det er ein heil del steinar som ligg nede. Dei fleste av desse har nok velta. Velta steinar som vert liggjande er det styggaste ein ser på ein gravplass. Desse må setjast opp eller bli fjerna. Dette er meint som ei alvorleg, men venleg oppmoding: Gå på gravplassen å sjå etter. Få nokon med og sett opp stei- nen, rett den opp.

At gravsteinane er sikra og vedlikehaldne er alltid dei pårørande sitt ansvar, om ein då ikkje har ordna med gravleggjar og kjøpt vedlikehald. Sjølv sagt kan jamnleg vedlike- hald av gravsteinar og stell av gravstader, med klypping og rydding av forvokste buskar og planter, planting av blomar m.m., verta vanskeleg om næraste familie er flytta frå Arna. Dei fleste har kanskje fjernare slektningar eller gamle kjente att her. Det kan vera moeleg å få nokon til å gjera dei enkle venetenesta det er å sjå etter at alt er orden på gravstaden.

Etter mi meining er det betre vedlikehald med ein stein som står rett og skikkeleg utan friske blomar, enn ein stein som står falleferdig, men med blomar framfor. Dette seier eg som ei rettesnor for dei som ikkje har høve til å vitja grava jamnleg, men har dårleg samvet for at ein ikkje kan halda blomane friske og fine på gravstaden til ei kvar tid.

**Med venleg helsing Kjell Nese**

# Kyrkjelova vedteken av Stortinget

Stortinget vedtok i mars ny kyrkjelov og ny gravferdslov. Dermed er det sett ein førebels sluttstrek for det kyrkjele- ge reformarbeidet. 13 eldre lover er oppheva, m.a. profesjonslovene.

Det viktigaste med den nye lova er at ho ordnar opp i det uklare ansvars- forholdet mellom kyrkjelyd og kom- mune. Etter kyrkjelova av 1897 og kyrkjeordningslova av 1953 represen- terte både kommunestyret og soknerå- det kyrkjelyden/soknet. Med kyrkjelo- va av 1996 får lokalkyrkjelyden retts- leg og administrativt sjølvstende.

Det vil vera soknerådet og kyrkjeleg fellesråd som tek hand om oppgåvene på vegne av kyrkjelyden/soknet. Arbeidsgjevaransvaret bli ikkje lenger delt mellom kommune og kyrkjelyd, men vert tillagt kyrkjeleg fellesråd. I alle kommunar med fleire sokn skal det opprettast eit kyrkjeleg fellesråd. Primæransvaret for den kyrkjelege

verksemda i soknet vil likevel framleis liggje i soknerådet.

Samarbeidet mellom kyrkjelyd og kommune vil framleis stå sentralt. Fleksibiliteten i lova opnar imidlertid for lokale tilpasningar og tenlege løy- singar, frå kyrkjeleg overtaking av alle driftsoppgåver, gjennom tenesteyting til kommunalt driftsansvar for kyrkje- gardane. Kommunen sitt økonomiske ansvar for kyrkja er vidareført omtrent som i dag.

Spørsmålet om økonomiske konse- kvensar av den nye kyrkjelova er flei- re stader kommentert i komiteinnstil- lingen, men dette vil på ordinær måte bli følgt opp i samband med den årlege budsjettproposisjonen og Stortinget si handsaming av denne. Ei rekkje merknader i innstillinga tyder likevel klart på at kyrkja bør kunne rekne med auka løyvingar til ei rekkje oppgåver og formål.

## 83 prosent blei døypte inn i Den norske kyrkja i fjor

I følgje 1996-utgåva av Årbok for Den norske kyrkja vart 83 prosent av alle levandefødte i 1995 døypte inn i Den norske kyrkja. Det vart født 60.230 barn i Noreg i fjor, medan det i Den norske kyrkja vart døypt 50.006 per- sonar same år. Prosentutrekninga baserer seg på Statistisk Sentralbyrås førebels oppgåve over talet på fødte i

1995. Prosentdelen er difor venteleg litt for høg. Likevel stadfester 1995- tala tendensen for dei seinaste ti åra: I 1988 vart «berre» 79,4 prosent av alle fødte døypte inn i Den norske kyrkja. Dei seinaste seks-sju åra har dåpspro- senten vore rundt 82-83 prosent.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Vollav. 31, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna, Jostein Aarvik**  
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen  
Tlf. 55 31 48 06

**Kontorfullmektig Arna, Ella Kaaresen**  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
Svein Mjelde  
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland  
Tlf. 55 24 28 71

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5090 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Gudny Hundshamar Skorpen  
Alf Bondesv. 11, 5265 Ytre Arna

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sølvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

## Dei mest brukte namn i Norge i 1995

Martin .....	809
Kristian/Ch .....	758
Andreas .....	729
Kristoffer/Ch .....	680
Fredrik etc. ....	567
Marius .....	562
Thomas .....	559
Daniel .....	557
Joakim .....	556
Alexander .....	516
Henrik .....	511
Jonas .....	500

Ida .....	606
Silje .....	597
Karoline .....	592
Marte .....	588
Kristine .....	530
Julie .....	510
Camilla .....	456
Martine .....	430
Ingrid .....	423
Maria .....	412
Helene .....	395
Stine .....	367



### ARNA PRESTEGJELD

**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

**Kontortid:** Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.

**Kontortid:** Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# Opp og ned

De reiser seg mye,  
de som sitter i kirken.

Og så setter de seg igjen.

Opp og ned.

Hvis man ikke visste bedre  
kunne man tro  
at de drev med en slags  
gymnastikk.

Noen vet når de skal reise seg.

Det er de alvorlige.

Vi andre kommer litt senere,

akkurat tidsnok til

at vi må sette oss igjen.

Presten gir av og til tegn.

Da går det greit.

Jeg skjønner ikke

all denne reisingen og sittingen.

Det må være noe ekstra alvorlig  
som foregår.

Kanskje en slags ærbødighet  
for noe som er mer alvorlig  
enn alt det andre.

Det er ikke godt å vite  
når man ikke er instruert.

Helt til slutt,  
da det hele var over,  
og presten velsignet oss  
med en loddrett  
og en vannrett håndbevegelse



og kirkeklokken  
hadde slått ni slag,  
sa presten at vi skulle gå  
i fred og tjene Herren med glede.  
Men så skulle vi ikke gå likevel,  
for han gjorde tegn til  
at vi skulle sette oss igjen.  
Organisten var ikke ferdig.  
De alvorlige gjorde det  
og så fromt opp mot galleriet.  
Vi andre gjorde det under tvil.  
For det var jo litt pussig.

Jeg kan ikke huske  
at bestemor drev gymnastikk  
når hun satt i kirken.  
Men det er jo så lenge siden...

*Tekst: Rolf Tofte*

*Tegning: Oscar Jansen*

*Kirkens Informasjonstjeneste*

### Konfirmantar i Trengereid kapell 28. april kl. 10.00

Lene Heimdal  
Lisbeth Kvam

Irene Taule  
Mette Øijord

Jørgen Rohde  
Kristian Skar Skulstad

### Konfirmantar i Takvam kapell 28. april kl. 12.15

Svein-Erik Hauge  
Eirik Romslo Kleppe

Kristian Nilsen  
Kjetil Thunes

### Konfirmantar i Arna kyrkje 5. mai kl. 10.00

Silje Andersen  
Hilde Birkeland  
Tine Breivik  
Ingvild Eidhammer  
Charlotte Eikeland  
Christina Mjelstad  
Eriksen  
Rigmor Marie Farestveit  
Anna Samantha Rebecca  
Gjerde  
June Apalset Henriksen

Dorte Sakstad  
Hilde Marie Løvteit  
Thorstensen  
Yngvild Borge Trahaug  
Inger Lise Venheim  
Rolf Christian Berentsen  
Stian Hammersland  
Andre Haukeland  
Christer Holthe  
Marius Klungreseth

Kim Olav Knudsen  
Lennart Andre Litsheim  
Jørgen Mjelde  
Helge Rosvold  
Eirik Nor Saghaug  
Frank Andersen  
Schønberg  
Øystein Konrad  
Thunestvedt  
Erik Trældal

### Konfirmantar i Arna kyrkje 5. mai kl. 12.15

Mary-Ann Oksnes  
Andresen  
Angelica Bratholmen  
Elisabeth Bjørneberg  
Castro  
Hege Katrin Eikenes  
Christine Skjoldal  
Fjeldberg  
Hildegunn Frøland  
Marit Hartveit  
Silje Hauge

Anne Reidun Haugland  
Randi Larsen  
Ann-Mari Lian  
Monica Lothe  
Anne Kristin Minde  
Anette Myklebust  
Katrine Reigstad  
Merethe Stephansen  
Ronny Gregory Halland  
Jan Christer Nesse Hasti

Morten Hauge  
Harald Ronny Skaar  
Henriksen  
Sturle Johan Nybø  
Pål Nævdal  
Stig Konrad Rippe  
Stian Romslo  
Rune Geza Torma  
Jon Olav Urdal  
Frode Vassnes

### Konfirmantar i Arna kyrkje 12. mai kl. 10.00

Birte Birkeland Djønne  
Kristine Amiyati  
Høysæter  
Silje Karin Myhr  
Marita Rysjedal  
Anne Karin Seim

Marie Skjoldal  
Anders Borge  
Karl Jaran Brekke  
Ørjan Sunde Hauge  
Kjell Rune Humborstad

Hallvar Reksten Husebø  
Erlend Markhus  
Morten Mjør laug  
Bjørn-Inge Skjoldal  
Alexander Vare Stamnes  
John Ivar Tveit

### Konfirmantar i Arna kyrkje 12. mai kl. 12.15

Ellen-Kristine Akselberg  
Ilenriette Djønne  
Camilla Kathrine  
Kvammen Fjærestad  
Ann Cathrin Moldekleiv  
Garnes  
Cecilie Gjengedal  
Trude Gravdal  
Jeanette Haugen  
Renate Holsen  
Cecilie Hege Indrearnar

Marte Kilde  
Jannicke Kleiveland  
Siril Bente Langhelle  
Astrid Olstad  
Renate Solheim  
Adelinn Vambheim  
Thunestvedt  
Thomas Lohne Aanes  
Christian Aasen  
Roy Ove Bjelde

Tore Borge  
Thomas Hansen  
Anders Hartveit  
Vidar Heimset  
Arild Nese  
Kjartan Brandsdal  
Pedersen  
Espen Samuelsen  
Atle Jørgen Sande  
Carl Petter Tresselt

### Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje søndag 28. april kl. 11.00

Espen Werner Andersen  
Stian Bjordal  
Geir Hansen  
Svein Arild Hausvik  
Birger Helge Hjellum  
Tone Hjemdal

Stian Borge Olsen  
Kristian Reksten  
Kristian Rolland  
Tore Sivertsen  
Christer Sælen

Line Hansen  
Siv Marie Lien  
Lillian Risholm  
Kristine Slåke  
Torunn Strand  
Dianne Svardal

### Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje søndag 5. mai kl. 11.00

Svein Andreas Isaksen  
Rune Klungland  
Helge Kvamme

Renate Haukås  
Karin Hilstad  
Monica Ingebrigtsen  
Elise Janson  
Veronica Jarlind  
Kristine Sagstad Kronen

Lovise Kristine Rolland  
Marthe Schille  
Ragnhild Vesetvik

# KORSVEI

## Korsvei -97 med fokus på kyrkja som fellesskap

«Kirke kjenn din kropp!» er temaet for den store Korsvei-festivalen som i år vil finna stad i Seljord den 23. til 28. juli. Festivalen set søkjelyset på den store fellesskapen, kyrkja som Kristi lekam. Godt over 1.000 deltakarar i alle aldrar er venta til festivalen.

Kvar dag vil ha sitt tema, knytta til hovudtemaet som Jesu Kristi lekam på jorda. Desse tema vil prega bibeltimar, gruppesamtalar og andre innslag. «Sjutimen», leia av Harald og Kristin Solli Schøien, vert den store generasjonsamlinga kvar kveld, og i tillegg vil borna få sitt eige program under bibeltimane og gruppesamlingane. Eit folkemøte og ein stor fest vil det og bli plass til, saman med tilbod som morgonbøn og kveldsbøn etter mønster frå Taizé. Det vert likevel ikkje meir program enn det skulle vera rikeleg tid til fellesskap også på det meir uformelle planet.

Dyrskueplassen i Seljord, Telemark, vil bli gjort om til ein stor teltleir dei fem dagane festivalen varer. I tillegg vert det mogeleg å bu på internat, i campinghytter og klasserom for dei som ønskjer dette.

Bibeltimelhaldar i år er svenske Magnus Malm, mellom anna kjend for

boka «Veiveisere». Malm har nett skrive ei bok om kyrkja og fellesskapen, «I lammets tecken - om den kristna församlingens väg in i 2000-talet».

Deltakarane vert oppmoda om å dra på festivalen saman med andre frå sin kyrkjelyd. Det vil også bli skipa til fellesturar for dei som ønskjer å bli kjent med andre alt på veg til festivalen.

### «KORSVEI»

Korsvei har arrangert festivalar, seminar og lokale samlingar siden 1985. Korsvei er ei kyrkjeleg, økumenisk rørsle som ser ein nødvendig samanheng mellom kristen tru og eit engasjement for den verda me lever i. Korsvei ønskjer å forstå det kristne livet i ljøs av trua på at me skal verta Kristi disiplar i vår eiga tid, med dei radikale utfordringane det medfører. Gjennom verksemda ønskjer ein å hjelpa kvarandre til fornya fellesskap med Kristus, samstundes med at ein vil møta dei utfordringane som forbrukarkulturen, miljø- og fattigdomskrisa stiller oss overfor.

Påmeldingsfrist for festivalen er 20. mai.

Påmeldingsbrosjyrar kan tingast frå: Korsvei, Postboks 3447 Bjølsen, 0406 Olsen. Telefon: 22 95 16 30.

## Betania, Lone - Israelskveld

2. pinsedag 27. mai kl. 19.30.

Tale av Edvard Karstensen Song: Eli og Inger Jakobsen. Misjonsoffer.  
Arr.: Israelsmisjonen

## Gjevarglede i Arna

Ved dør til dør aksjonen for Kirkens Nødhjelp, som konfirmantane hadde før påske, kom det inn kr. 52.843 i Arna og kr. 13.031 i Ytre Arna. Dette vil stige ein del fordi det er levert inn ein del fastebøsser og. Vi tykkjer dette er eit fint resultat, og det er meir enn året før i begge soknene.

Vi vil takke alle, so hjarteleg, som var med å gje. Ei særleg takk til konfirmantane som gjennomførte dette på ein fin måte. Likeeins takk til foreldre og andre som køyrte, og var med på aksjonen.

Pizzaen til Marta i kyrkjelydshuset i Arna er alltid like populær. Vi takkar for kjøkkentenesta.

Så veit vi at Kirkens Nødhjelp sørger for at midlane kjem fram dit dei skal. Det vert ganske mykje ut av det. For kvar krone vi samlar inn gjev staten fire kr. Vi kan altså ganga den innsamla summen med fem. Det tyder at Kirkens Nødhjelp får godt over ein kvart million å gje vidare til naudlidande ved den innsatsen som vi gjorde i Arna denne kvelden. Enno ein gong: Hjarteleg takk.



Ut av krisen...?

Kirkens SOS med ett landsdekkende nummer fra 1. april

Snakk med noen!

Ring 815 33 300

eller direkte til et av de 13 SOS-sentrene (Se telefonkatalogen.)

Nå kan du lettere nå oss!

KIRKENS SOS 815 33 300

Å ringe 815 33 300 koster kr. 0,73 per min.

## Prosesjonskross til Arna kyrkje

Arna kyrkje har fått prosesjonskross. Det er teikna og støypt i bronse av Ivar Mæland. Den har og ein fot støypt i bronse slik at ein kan setja den opp der det passar i kyrkja når den er i bruk.

Kostnaden på kr. 11.000 er ei gåve frå Ingrid og Kåre Hope.

Vi tykkjer prosesjonskrossen har ei svært god kunstnarleg form, og er takksam for denne gåve. Vi seier gjevarane ein hjartans takk.

For Arna kyrkjelyd Kjell Nese

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døpte:

#### Arna sokn:

10.3.: Sondre Karlsen, Stian Rading  
Stokke, Emilie Kjeilen Akselberg,  
Catarina Kippersund Breistein.

17.3.: Håvard Faksdal, døpt i  
Svalbard kirke.

24.3.: Celine Hopsdal.

31.3.: Ruben Aga, Håvard Sundland.

#### Ytre Arna sokn:

31.3.: Carl Sekanina.



### Vigde:

#### Arna sokn:

09.3.: Asle Severin Gjerde og  
Janne Nordbø.

## Ofringar:

#### Arna sokn:

03.3.: Institutt for kristen oppseding .....	kr. 3.953,-
10.3.: Kirkens SOS i Bergen .....	kr. 2.729,-
17.3.: Barne- og ungdomsprosjekt.....	kr. 3.083,-
24.3.: Barnekantoriet .....	kr. 4.164,-
31.3.: Kyrkjelydsarbeidet .....	kr. 3.014,-
04.4.: Bjørgvin Bispedømmeråd .....	kr. 2.414,-
07.4.: Den Norske Sjømannsmisjon .....	kr. 3.485,-

#### Ytre Arna sokn:

03.3.: Kristent arbeid blant blinde .....	kr. 935,50
17.3.: Menighetsfakultetet .....	kr. 1975,50
24.3.: Modum – Institutt for sjelesorg .....	kr. 837,00
31.3.: Kyrkjelydsarbeidet .....	kr. 1381,00
04.4.: Kirkens SOS .....	kr. 756,00
07.4.: Blå Kors .....	kr. 1426,50

### † Døde:

#### Arna sokn:

22.2.: Einar Laastad, f. 1912.

22.2.: Ingeborg Henny Haugland,  
f. 1934.

28.2.: Johanna Støfringshaug f. 1907.

12.3.: Signe Mauland f. 1905.

22.3.: Olav Borge, f. 1920.

26.3.: Oddrun Torbjørg Thunes,  
f. 1921.

31.3.: Torger Enger f. 1933.

31.3.: Borghild Mæstad f. 1908.

#### Ytre Arna sokn:

25.2.: Hilda Maria Vatlø, f. 1912.

24.3.: Erling Endresen, f. 1914.

#### RETNING

28.1.: **MARITA VASSDAL VEDAA**,  
døpt i Takvam kapell. Ikkje Marta  
Vassdal Vedaa.

## Kyrkjeskys Haukeland / Unneland

5. og 12. mai - konfirmasjon -

19. mai Berit Haugsvær .....55 24 08 15

26. mai Turid Mjelde .....55 24 28 71

27. mai (Betania)

Odmund Skjoldal .....55 24 28 76

2. juni Ingrid Hope .....55 24 08 08

9. juni Jens Hauge ..... 55 24 01 43

16. juni Nils Minde ..... 55 24 01 54

23. juni Berit Haugsvær .....55 24 08 15



## Trygve Johansen har studiepermisjon

Kapellan Trygve Johansen har fått innvilget studiepermisjon fra 6.5 - 5.6.96. Han skal studere etiske spørsmål om vårt forbrukersamfunn.

Menighetsfakultetet har utlånt en hybel til ham i mai måned. Dette er en stor fordel for det gir mulighet til å få bruke MF sitt bibliotek og lesesal. Thor Sommerseth blir vikar i Arna i denne tiden. Han er nå vikarprest i Bjørgvin bispedømme, og han arbeider dessuten med spørsmål om den nye dåpsplanen. Thor Sommerseth har nå mange års erfaring som kapellan i Laksevåg. Vi ønsker ham med dette velkommen til Arna.

## Besøkstenesta i Arna Kyrkjelyd

Veit du at diakonutvalet i Arna kyrkjelyd har eige besøksteneste? Vi har kvinner og menn som ser det som si oppgave å vitja eldre, einsame og andre som måtte trenge det. Kanskje vi har ein /ei som nettopp høver for deg.

Dersom du som les dette, kjenner på at dette vil vera ei oppgave for deg. Ta kontakt med oss.

Ring 55 34 09 65 og vi skal prøve og ordne det.

*For besøkstenesten  
Klara Ulveseter*

#### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**55 90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



## KIRKENES SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
mandag til fredag

## RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS

Soneterapeut Øreakupunktur



Moldalia 28B  
5230 Espeland  
Tlf.: 55 24 00 83

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

## FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere


Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41

*Erik Stephansen*  
trafikkskole

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**55 24 25 95**



5260 Indre Arna

## Frøydig SALONGEN

Garnesveien 41 – Indre Arna  
Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.



## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Din lokale storbank i Arna!

## KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Keivland A.S*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennar,  
også TV 2.

**Litangen**  
**Husholdningsservice,**  
**Garnes**  
**Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 25.4. Trengereid kl. 19.00: SAMTALEGUDSTENESTE.**
- 26.4. Arna kl. 19.00: SAMTALEGUDSTENESTE.**
- 28.4. 3. s.e. påske** Åp. 2, 12-17  
**Arna kl. 11.00:** Gudsteneste. Studentprest Ivar Smedsrød. Dåp, Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag.  
**Trengereid kl. 10.00: KONFIRMASJON.** Kateket Erik Rodal/prost Kjell Nese. Takkoffer til Trengereid kapell.  
**Ytre Arna kl. 11.00: KONFIRMASJON.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsbladet.  
**Takvam kl. 12.15: KONFIRMASJON.** Kateket Erik Rodal/prost Kjell Nese. Takkoffer til Takvam kapell.
- 29.4. Arna kl. 19.00: SAMTALEGUDSTENESTE.**
- 01.5. 1. mai – Luk. 6, 31-35**  
**Ytre Arna kl. 10.00:** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.
- 02.5. Arna kl. 19.00: SAMTALEGUDSTENESTE.**
- 05.5. 4. s.e. påske – Åp. 2, 18-29**  
**Arna kl. 10.00: KONFIRMASJON.** Konfirmanter frå Ådnamarka. Kateket Erik Rodal/prost Kjell Nese. Takkoffer til kyrkjelydsbladet.  
**Arna kl. 12.15: KONFIRMASJON.** Konfirmanter frå Lone/Unneland. Kateket Erik Rodal/prost Kjell Nese. Takkoffer til kyrkjelydsbladet.  
**Ytre Arna kl. 11.00: KONFIRMASJON.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 12.5. 5. s.e. påske – Åp. 3, 1-6**  
**Arna kl. 10.00: KONFIRMASJON.** Konfirmanter frå Indre Arna og Tunes. Prost Kjell Nese/kateket Erik Rodal. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.  
**Arna kl. 12.15: KONFIRMASJON.** Konfirmanter frå Garnes. Prost Kjell Nese/kateket Erik Rodal. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.  
**Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste.** Kap. Thor Sommerseth. Kyrkjekaffi. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- 16.5.: Kr.h.f.dag – Åp. 3, 7-13**  
**Arna kl. 11.00:** Kap. Thor Sommerseth. Nattv. Takkoffer til Bjørgvin bispedømmeråds familierådgivningskontor.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin bispedømmeråds familierådgivningskontor.
- 17.5.: Grunnlovsdag – Joh. 12, 35-36**  
**Arna kl. 11.30:** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Arna. Søndagsskulelag.  
**Lone skule kl. 10.00:** Prost Kjell Nese.  
**Ytre Arna kl. 10.00:** Kap. Thor Sommerset. Takkoffer til KFUK-KFUM.  
**Trengereid kl. 10.00:** Gudsteneste. Trengereid. Søndagsskule.  
**Takvam kl. 11.00:** Gudsteneste v/Harald Haugsvær.
- 19.5.: 6. s.e. påske – Åp. 3, 14-22**  
**Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til dei fire diakoniinstitusjonane.
- 26.5.: Pinsedag – Joh. 14, 15-21**  
**Arna kl. 11.00:** Kap. Thor Sommerseth. Nattvers. Takkoffer til Menighetsfakultetet.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
- 27.5.: 2. pinsedag – Joh. 6, 44-47**  
**Trengereid kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Santalmisjonen.  
**Betania kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd.
- 02.6.: Treeiningssund. – Matt. 28, 16-20**  
**Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer.